

Røysting til stortingsvalet 31.august.

19.08.2017



Klara Døssland(snart 100) stemde ved stortingsvalet 2013. No får ho høve til å stemma i heimbygda i år og.

I samband med kommunevalet for to år sidan var det kraftige reaksjonar i Uskedalen på at talet på valkrinsar vart kraftig redusert, og at ein måtte køyra lange vegar for å røysta. Ved det komande stortingsvalet vert dette retta på. Då vert det førehandsrøysting i 3 timer i Aktivitetshuset 31.august.

Det er både gledeleg og eit svært viktig signal som vert gjeve når valstyret/formannskapet no gjer denne endringa. Det lagt opp til røysting i Aktivitetshuset frå kl.16 til kl.19 den 31.august. Dermed har dei også lagt røystinga til ei tid der det passar for flest mogeleg. Dei viser tydeleg at dei ønskjer at flest mogeleg skal nyttja den viktige demokratiske retten det er til å røysta. Det er lagt opp til tilsvarande røysteopplegg i ein del andre bygder.

Mellom reaksjonane ved siste val var det både snakk om og gjennomføring av boikott av valet. Det skal vera personar som har stemt ved alle val, som uteblei då. Når vi no har fått røystinga tilbake til bygda, håpar eg det vert motsett effekt; - at rekordmange uskedelingar brukar den viktige røysteretten sin. I tillegg til at vi då hevar valdeltakinga som er ein viktig grunnpilar i demokratiet, gjev vi eit tydeleg signal om at det i framtida må vera røysting i Uskedalen.

I tillegg vert det, som før, ambulerande røysting for dei som grunna at dei er sjuke eller uføre, ikkje kan koma seg til vallokale. Dei kan førehandsrøysta der dei held til. Dette må meldast til Kvinnherad Valstyre, Rådhushuset, 5470 Rosendal eller på telefon 53 48 31 00 innan 28.august.

Godt val til uskedelingar og alle andre!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen